

# IT-FORUM SØGN OG FJORDANE

## Årsmelding for 2014

&

## høgdepunkt frå 20 år

	<u>Side</u>
1. Grunntankar	2
2. Hovedtanken gjennom 20 år	3
3 Greatest hits	4
4. Styring og organisering i 20 år	5
5. Behov og hovudlinjer	8
6. Grupperene i 2014	11
7. Grupper som kom og gjekk...	20
8. IT-forumkonferansen 1995-2014	24

## 1. Grunntankar – om høgdepunkt og vegar vidare

Visste vi alt om vegen  
vi skulle vandre på  
då fanst det inga spaning meir  
ved dette å stå opp og gå.

Vona om større utsyn  
styrkte vår unge fot  
jamvel om utenkte bakkar  
tild bar oss tungt imot.

Og nådde vi eingong målet  
og stod på toppen ein dag  
så såg vi tusen toppar  
kring oss av same slag.

– Ivar Ringdal

*..klypp frå innleiinga til forprosjektrapporten som la grunnlaget for etableringa av IT-forum i 1995.*

## 2. Hovedtanken gjennom 20 år

IT-forum Sogn og Fjordan vart etablert i 1995. Etter mange år med lite samordna gjennomføring av IT-prosjekt i Sogn og Fjordane vart det teke initiativ til å vurdere behov og mulegheiter for meir samordning. I eit møte hjå Fylkesmannen 21. januar 1995 vedtok deltarane å engasjere Vestlandsforskning til å utgreie potensialet i meir samordning, og korleis dette eventuelt kunne gjennomførast. Møtedeltakarane var Fylkeskommunen, NHO, Kommunenes Sentralforbund, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Statens Vegvesen og Vestlandsforskning. Administrasjonsdepartementet var også representert. 12. mai la Vestlandsforskning fram rapporten "Samhandling og samordning for telematikkutvikling i Sogn og Fjordane ? ". Og med denne som grunnlag, vart IT-forum Sogn og Fjordane konstituert i første styremøte 7. juni 1995.

### Mandatutvikling

Mandata for IT-forum har utvikla seg noko gjennom åra, men hovedretningen har vore stabil. Konstitueringsmøtet 7. juni 1995 fastsette dette mandatet:

"IT-forum skal føre vidare arbeidet med samhandling og samordning for telematikkutvikling i Sogn og Fjordane, jfr forprosjekt v/Vestlandsforskning mai 1995. IT-forum skal ta initiativ og vere styringsgruppe for prosjekt innan telematikkutvikling i fylket. Felles delprosjekt skal på førehand godkjennast, følgjast opp, og sluttrapporten skal godkjennast av styringsgruppa. Målet er å få til samarbeid mellom offentlege etatar og næringsliv."

I 1997 vart mandatet noko revidert, og lausrite frå det opphavelege forprosjektet. Tenester for innbyggjarane kom tydelegare inn, og nyttebehovet vart presisert:

"IT-forum skal ta initiativ til, vere koordinator for og pådrivar for aktivitetar som fremjar rasjonell og utviklingsretta bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i næringsliv og offentleg sektor, og der gjennom for innbyggjarane, i Sogn og Fjordane. Det skal særleg arbeidast for å styrke og utvikle samhandling og samordning mellom etatar, organisasjonar og bedrifter i Sogn og Fjordane."

### Prinsipp for organisering

Revideringa av mandatet i 1997 vart supplert med ein presiserande omtale av organiseringa. Og frå 1998 vart arbeidsgruppene nyansert til to typar: arbeidsgrupper og nettverk:

"IT-forum er ein samarbeidsorganisasjon for statlege etatar, fylkeskommunen, kommunane, næringsliv og utdannings- og forskingsmiljø i Sogn og Fjordane. Styringsgruppa iverkset, kontrollerer og godkjenner nye aktivitetar. Aktivitetane blir organisert i prosjektgrupper eller nettverksgrupper etter behov. Prosjektgruppene står for gjennomføring av tidsavgrensa aktivitetar medan nettverka organiserer noko meir langsiktige og breie aktivitetar med større vekt på informasjons- og kunnskapsutveksling. Nettverka omfattar også etablering av strategiske alliansar med andre brukarforeiningar, organisasjonar og programsatsingar, og nettverk for resultatformidling mellom Sogn og Fjordane og andre regionar."

### 3. Greatest hits

Gjennom 20 år har hovedstrategien bygd på

- samhandling på tvers
- store demonstrasjonsprosjekt
- internasjonalt samarbeid

gitt vesentlege resultat:

#### Infrastruktur

- Alle kommunane, regionråd og næringsliv med i Breibandforum
- Fylkessamarbeid om breibandutbygging sidan 2003
- Ca 200 mill kr i utbyggingsmidlar 2003-2013
- 39 mill i nasjonale midlar i 2014 i første utlysing i regi av Nkom, totalt 90 mill i utbyggingsbudsjett med lokale og regional midlar og leverandørar.

#### Innhold

- Alle kommunane og fylkesnivået med i fellessatsing eHelse
- Norsk Helsenett (linjene) innførd og samordna med regionale breiband
- Meldingsformidling mellom kommunane, lokal lege og sjukehus (helsemeldingar) innførd i alle kommunar i S&Fj som eitt av dei første fylka i landet
- Velferdsteknologi nytt felles løft med alle kommunane frå 2014
- eForvaltning fellessatsing mellom Fylkesmannen og kommunane om elektronisk samhandling og effektivisering i offentleg sektor
- Samarbeid på tvers av alle grunnskule, vidaregåande og høgskule i S&Fj for utvikling av innhald i IT-basert undervisning
- Fjordinfo AS etablert som ein av landets første regionale offentlege vevtenester i 1996

#### Internasjonalt

- IT-forum har hatt prosjekt i internasjonale FoU-program sidan 1995
- EU sine FoU-program, INTERREG, Competition & Innovation program mm
- Prosjekt Encata, RegioNet, TITAN, ODIN Mobile, GeoShare, Saber, mm
- Samarbeidspartnerar i dei fleste land i Europa
- Grunnlag for etablering av statlege arbeidsplassar (DIFI)
- Grunnlag for etablering av bedrifter (Avinet AS)
- Effekt for infrastruktur (satellittbreiband)

#### Informasjon

- Arrangert IT-forum-konferansen 1995-2014
- Møteplass & fagleg inspirasjon for rundt 200 deltakrarar pr år
- Felles studieturar til Europa (Frankrike, Danmark, Finland, Belgia), USA (San Francisco, Silicon Valley), India (Bangalore, Mysor og Goa)

## 4. Styring og organisering

Eit kjenneteikn for IT-forum har vore forholdsvis stor grad av stabilitet og kontinuitet. Det er grunn til å tru at kontinuitet og involvering av leiingsnivået i organisasjonane har vore viktig for positiv utvikling og legitimitet for IT-forum. Med aukande tal medlemmar vart styringsgruppa delt i eit representantskap som møttest to gonger i året og ei styringsgruppe som typisk har hatt 5-6 møte i året.

### Repesentantskapen i 2014

Namn	Stilling	Organisasjon/verksemd
Jan Heggheim	Fylkesdirektør	Sogn og Fj. fylkeskommune
Atle Hamar	Direktør	Lotteri- og stiftelsestilsynet
Jon Bolstad	Adm. dir.	Helse Førde HF
Terje Gjengedal	Konserndirektør	Sogn og Fjordane Energi
Halvor Flatland	Direktør	Innovasjon Norge, Sogn og Fj.
Anne Karin Hamre	Fylkesmann	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Bernt Bergheim	Økonomidirektør	Lerum AS
Per Rune Vereide	Folkevald varamedlem	Fylkestinget (observatør)
Geir Grime	IT-sjef	Sparebanken Sogn og Fjordane
Egil Mundal	Dagleg leiar	Sogndal fotball
Merete Lunde	Direktør	Vestlandsforsking
Håkon Seim Lysne	Områdeleder IT	Hydro
Kjetil Kvåle	Dagleg leiar	Kunnskapsparken i Sogn og Fj.
Jan Atle Stang	Regiondirektør	NHO Sogn og Fjordane
Åse Løkeland	Rektor	Høgskulen i Sogn og Fj.
Atle Stalheim,	Regionbanksjef	Sparebanken Vest Sogn og Fjordane
Ole John Østenstad	Rådmann	KS S&Fj

## Styret 2014

<u>Medlem</u>	<u>Representerer organisasjon/verksemde</u>
Jan Heggheim, leiar	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Gunnar Hæreid	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Gunn Aase Moldestad	Sparebanken Sogn og Fjordane
Marit Gjerstad	NHO Sogn og Fjordane
Erik Kyrkjebø	Høgskulen i Sogn og Fjordane
Terje Heggheim	Flora kommune / KS S&Fj
Arne Myrekrok	Sunnfjord Energi

## Leiarane gjennom 20 år

1995-1998	Oddvar Flæte, Fylkesmannen i S&Fj
1999	Jan Øhlckers, KS Sogn og Fjordane/rådmann Årdal kommune
2000-2001	Jan Olav Freland, rektor Høgskulen i Sogn og Fjordane
2002-2003	Per Drageset, fylkesrådmann, S&Fj fylkeskommune
2004	Karin Halle, regiondirektør, NHO S&Fj
2005	Oddvar Flæte, Fylkesmannen i S&Fj
2006-2010	Atle Hamar, direktør Lotteri- og Stiftelsetilsynet
2011-2014	Jan Heggheim, fylkesdirektør, S&Fj fylkeskommune

## Styret gjennom 20 år

Eit kjenneteikn for styret har vore forholdsvis stor grad av stabilitet og kontinuitet. Styringsgruppa har auka i tal deltagarar, særleg med siktet på å auke deltakinga frå næringslivet. Det er grunn til å tru at kontinuitet og involvering av leiingsnivået i organisasjonane har vore viktig for positiv utvikling og legitimitet for IT-forum. I tillegg til leiarane vist ovanfor har styringsgruppa hatt følgjande medlemmar:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Anne Karin Hamre, Geir Svendsen, Gunnar O. Hæreid

NHO Sogn og Fjordane

Karin Halle, Agnar Strømsnes, Liv Bodil Baug, Marit Gjerstad

Høgskulen i Sogn og Fjordane

Erik Kyrkjebø

Innovasjon Norge

Heather Broomfield

KS – Sogn og Fjordane

Terje Heggheim

SMB-representant

Eli Førde Aarskog, Yngve Hallen, Ivar Prestun, Arild Nybø,  
Linn Dyveke Wilberg, Arne Myrekrok  
Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Marit Larssen, Bjørn Birger Bremer, Jan Øhlckers, Bjørn Sørensen  
Sparebanken SFj  
Geir Grime, Gunn Aase Moldestad  
Statens vegvesen Sogn og Fjordane  
Paal Fosdal

## **Sekretariatet gjennom 20 år**

Sekretariatet har også vore forholdsvis stabilt gjennom desse åra, men med noko utskriftning og ulike samarbeid etter kven som har hatt leiinga i IT-forum:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
1995 – 1999 Adm.sjef / prosjektkoordinator Jostein Fondenes  
1998 – 1999 Prosjektkonsulent Marianne Bugge

Høgskulen i Sogn og Fjordane  
2000 -2001 Student Liv Signe Navarsete

Lotteri og stiftelsestilsynet  
2006-2010 Adm sjef. Stig Starheim

Vestlandsforsking  
1995 – 2014 Forskingsleiar Ivar Petter Grøtte  
1995 – 2014 Kontorleiar Bjørg Haukereid  
2001 – 2004 Forskar Svein Ølnes  
2005 – 2007 Forskar Geir Strand  
2008 – 2014 Forskar Øyvind Heimset Larsen

## 5. Behovet og hovedlinjene i IT-forum

Forprosjektet i 1995 vist at alle involverte organisasjonar den gongen var knytt opp mot lokale eller sentrale startegiplanarbeid der IT hadde høg prioritet. Likheitstrekka i prioriteringar og planar både for interne val og for kommunikasjon mot ytre samarbeidspartnerar var også tydelege.

### Ny infrastruktur og nye rollar

Utgangpunktet for skipinga av IT-forum var ei forståing av at dei nye IKT-tenestene er i ferd med å gripe inn i dei fleste aktivitetar i næringsliv og offentleg sektor. Effektane var så omfattande og gjennomgripande at IKT var i ferd med å bli ein grunnleggande infrastruktur. I 1995 var det einigheit om at utviklinga går fort og at den er i stor grad internasjonal.

Det vart hevda at politikarar og offentlege etatar må utvikle nye rollar og nye modellar for å handtere utviklinga. Ei ny form for infrastrukturutbygging basert på samordning, strategiske initiativ og strategiske partnerskap mellom etatar, organisasjonar og næringsliv kunne gje ei meir desentral initiering og styring av viktige utviklingstiltak.

I ei oppsummering i 1999 vart det sagt at

"I dag er dette eit minst like stort spørsmål. Usikkerheit og søking etter måtar å handtere dei store endringane har no komme klart og tydeleg på dagsordenen både hjå politikarar, internt i offentlege verksemder og hjå næringslivet. Den store veksten i elektronisk samhandel og den såkalla "virtuelle" økonomien fører til store omveltingar i arbeidsmåtar og i næringsstrukturar.

Analyseselskapet Datamonitor har t.d. vurdert investeringane i nettbankløysingar i EU-landa i 1999 til 3,3 MRD kr. I 2004 er investeringsnivået berekna å vere 13 MRD kr pr år. K-Bank har uttalt at innan fem år skal banken hovedsakleg fungere som "nettbank". Desse eksempla viser litt av dei store omveltingar som no skjer i dei økonomiske strukturane." ("IT-forum 90-talet på tvers")

I 1995 vart IT-forum sett sett på som eit potensielt viktig reidskap for både å organisere innsatsen, forstå denne utviklinga og forme nye rollar for dei involverte:

"Ved å satse på ei slik pådrivarrolle kan offentlege etatar beholde ei viktige politiske utviklingsrolle. Regionar som klarar å "halde orden i eige hus", sjå viktige utviklingstrekk og gjennomføre samordna satsingar, vil ha store mulegheiter for å gje regionalt næringsliv dei beste arbeidsforholda og sikre innbyggjarane tilgang til viktige samfunnsgoder."

### Regional treningsarena

Gjennomgangen ved årtusenskiftet peika på å aktivitetane i IT-forum Sogn og Fjordane bygde på tre gjennomgåande grunnstrategiar:

- samhandling på tvers
- store demonstrasjonsprosjekt
- internasjonalt samarbeid

Dette gjeld i stor grad også 20 år etter starten.

Samhandling på tvers har vore eit hovedval. Eit tydeleg resultatet av IT-forum Sogn og Fjordane er utviklinga av ei overgripande organiseringa av IT-samarbeidet i fylket. I 1998 vart arbeidet også formelt forankra i regionalpolitiske prioriteringar ved at IT-forum fekk ansvaret for "Programområde for IT" i Fylkesplanen for Sogn og Fjordane. Seinare har dette vore knytt til ein Breibandstrategi for Sogn og Fjordane, som først vart utvikla i 2001 og seinast oppdatert og vedteken av Fylkestinget i 2010. I den nye "Verdiskapingsplanen i S&Fj" vedteken av Fylkestinget i 2014 er td. beribandutbygging eit viktig innsatsområde og utvikling av tenesteytande næringar ei hovedsatsing.

IT-forum har på mange måtar utvikla ein treningsarena for samarbeid mellom organisasjonar. IT-området har truleg vore veleigna som forsøksområde for å utvikle slikt samarbeid, kanskje nettopp fordi det er eit forholdsvis nytt område og det er tildels vanskeleg å gripe den raske og til dels uoversiktlege utviklinga for dei tradisjonelle strukturane. I alle fall blir IT-forum ofte brukt som modell for vurdering av tilsvarande samarbeid på andre område. Det skulle tyde på at samarbeidsaspektet har vore viktig og rimeleg vellukka so langt.

Dei to andre hovedstrategiane, å satse offensivt på store demonstrasjonsprosjekt og internasjonalt samarbeid, vart begge utvikla ved at EU sine forskings- og utviklingsprogram var ein viktig arena for Sogn og Fjordane på 90-talet og noko utover på 2000-talet. Det lukkast å komme med i ei rekke internasjonale prosjektsamarbeid. IT-forum står og har stått for koordinering av fleire større internasjonale samarbeidsprosjekt. Projekta Encata, Titan, RegioNet og Odin Mobile i EU sine forskingsprogram, GeoShare i Interreg-programma og EuroTravel og Saber i CIP-programmet har teke opp ei rekke aktuelle problemstillingar for Sogn og Fjordane.

Gjennom EU-prosjekta ville Sogn og Fjordane bli ein norsk "prøve-region" i skjeringspunktet mellom norske satsingar og EU sine satsingar. Sogn og Fjordane har kopla norske strategiar mot store EU-satsingar. Sogn og Fjordane har gjeve bidrag til konkret innholdet i norske satsingar, og har samtidig formidla norske behov og erfaringar til EU-kommisjonen og andre regionar i EU.

Næringsliv, kunnskapsmiljø og offentlege etatar har fått tilgang til kunnskapar, erfaringar og ny teknologi direkte frå spissmiljø i andre europeiske land. Desse satsingane har også vorte ein viktig treningsarena for deltakarane. Dette har vore ein gjennomgåande strategi det meste av desse 20 åra, og er like aktuelt framover med stadig meir norske FoU-midlar overført til EU-program. I tillegg er INTERREG-programma viktige for regional utvikling og for regionale innovasjonssystem som skal støtte innovasjon og entreprenørskap i bedrifter.

Dei seinare åra har store fellesprosjekt i fylket vore eit kjenneteikn, særleg saman med kommunane. Både breibandutbygginga som har føregått kontinuerleg sidan 2001 og eHelse/velferdsteknologi har vist at heile fylket kan samarbeide med gode resultat.

I 2014 fekk Sogn og Fjordane 25% (39 mill kr) av den nasjonale potten til breibandutbygging. Dette skjedde fordi 23 kommunar i fylket samarbeidde gjennom IT-forum Breiband og med Sogn og Fjordane fylkeskommune som sokjar. Utan dette samarbeidet ville ikkje utteljinga blitt so stor. I åra før har midlar vore overført til Sogn og Fjordane fylkeskommune etter ein fordelingsnøkkel basert på folketal mm. Då har midlane vore om lag 7-8 mill kr pr år.

Overordna sett kan truleg arbeidet i IT-forum omtalast som ein særsviktig regional treningsarena for samhandling på tvers av organisasjonsgrenser, arbeid i store prosjekt og også for internasjonalt samarbeid.


---

## 6. Gruppene i 2014

Hovedsatsingane i IT-forum for 2014 vart definert på årsmøtet i 2013 til å vere:

- Breiband
- Velferdsteknologi
- Leverandørutvikling

I tillegg har dei tidlegare gruppene Utvikling & drift og Opplæring & utdanning arbeidd vidare.



## IT-forum Breiband

Breibandforum vart oppretta som arbeidsgruppe under IT-forum Sogn og Fjordane i februar 2001.

Gruppa fekk hovudansvaret for gjennomføringa av tiltaka:

- Informasjons- og kompetanseutvikling
- Leverandørkontakt og leverandørutvikling
- Strategisk bruk av lokal kjøpekraft (marknadsmakt)
- Utprøvingsprosjekt for realisering av efylket Sogn og Fjordane

Alle kommunane i fylket er medlemmar gjennom sine regionale it-samarbeid. I tillegg er næringsliv, både brukarar og leverandørar av breiband medlemmar. Vidare er fylkesnivået og FOU med. Årsmøtet i Breibandforum vel eit arbeidsutval som står for styringa av aktivitetane i året.

**Arbeidsutvalet** har i 2014 vore:

Geir Strand, Nordfjordrådet - leiar

Jenny Følling, KS S&Fj - nestleiar

Helge Følid, SYS-kommunane

Geir Svendsen, Sogn regionråd

Ivar Petter Grøtte, Vestlandsforskning

Egil Kirkebø, Fjord1

Tore Sønnesyn, Fylkesmannen i S&Fj (til hausten 2014)

Tom Sølve Myklebust, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Olav Skarsbø, Sogn og Fjordane Fylkeskommune (observatør)

## Aktivitetar

IT-forum Breiband har vore faglege samarbeidspartnarar for Sogn og Fjordane fylkeskommunen ved utlysing av breibandmidlar til kommunane. I 2014 var nasjonale breibandmidlar utlyst sentralt i regi av Post- og teletilsynet (PT). Mykje innsats har vore lagt i arbeid med påverknad av prosess i ny nasjonal ordning og til arbeid med søknadane.


IT-forum Breiband har via Nasjonalt breibandråd gitt innspel til PT si utarbeiding av tildelingskriteria. Vidare er det halde informasjonsmøte for mobilisering av kommunane i Sogn og Fjordane. Kommunane vedtok å delta i felles fylkessøknader via Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Breibandforum var aktive i utforming av søknader der til slutt 23 kommunar vart med. Dette vart krona med suksess for to søknader, og vel 39 mill kr (25 % av den nasjonale potten) gjekk til fylket i 2014! Den største satsinga i fylket nokon gong. IT-forum Breiband følgjer også opp utbyggingsprosjekta fagleg i tett samarbeid med Sogn regionråd, Nordfjordrådet og regionråda SYS og HAFS.

Arbeidsgruppa arrangerte eige temamøte knytt til IT-forumkonferansen 2014 der breibandleverandørane var inviterte til å presentere aktuelle teknologiar og status og planar for vidare utbygging.

IT-forum Breiband har vore i dialog med Statnett og kommunar om fiberavtappingspunkt som vert tilgjengeleg ved bygging av ny kraftline Fardal-Ørskog. Dette arbeidet har vore eit eige prosjekt støtta av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med fornyingsmidlar.

IT-forum Breiband har sett med uro på utviklinga av neste generasjons breiband i fylket. Nasjonale rapportar (Nexia) om status for dekning med høge internethastigheiter er heller ikkje i 2014 god lesnad for fylket, trass utvikling. IT-forum breiband har utvikla strategiplanen for breiband i S&Fj vedteken av S&Fj fylkeskommune. Planen har følgjande målsetting: Minimum 100 Mbit/s symmetrisk samband til alle bedrifter og minimum 30 Mbit/s til husstandar i Sogn og Fjordane til same pris som i sentrale strok innan 2020.



**Figur.** Sogn og Fjordane har dårlegast dekning med høghastigheits breiband, men auken i tilbodet dei siste åra har vore større enn andre fylke.

Næringslivet sine krav til nye tenester og låg pris og husstandane sine krav til god kapasitet og tenester som til dømes trippel play (breiband - telefon – tv) skal stettast. Prisane og tenestene skal vere minst like gode som landsgjennomsnittet. Dette er også føringar som er tatt med i framlegg til breibandstrategi for Sogn og Fjordane. Sjølv om denne planen er teknologinøytral, er vårt ”endelege” mål eit fylke der alle har fibersamband i heimen. Svært mykje står att før dette målet er oppfylt.

IT-forum Sogn og Fjordane har også teke initiativ til å etablere Nasjonalt Breibandråd, der no 16 fylkeskommunar og KS er med. Leiar av IT-forum Sogn og Fj Jan Heggheim er også leiar av Nasjonalt Breibandråd, og IT-forum fungerer også som sekretariat for breibandrådet.

År	Prosjektnamn	Høykom	Kommune	Fylkeskommune	DAA /RNB07/551	TOTAL
2003	Skulenett fase 1	3 584 000	2 391 000	1 950 000		7 925 000
2003	'Fylkesmillion'			1 000 000		1 000 000
2004-2005	Skulenett fase 2	6 739 000	5 859 000	2 612 000		15 210 000
2004	Distrikt 2004	1 994 000	2 701 000	88 000		4 783 000
2004	'Fylkesmillion'			1 000 000		1 000 000
2004	DAA-midlar				9 800 000	9 800 000
2005	Kommunale tenesteportalar	4 281 000	5 908 000	363 000		10 552 000
2006-2007	Breibandloftet (fase 1)	8 105 000	6 273 000	1 000 000	5 000 000	20 378 000
2007	Breibandloftet (fase 2)	3 850 000	4 775 000	1 000 000		9 625 000
2007-2008	Breibandloftet (fase 3)	7 982 000	11 831 000	1 000 000	4 849 000	25 662 000
2007-2008	*KRD-prosjekt* i breibandloftet 3		4 741 000		4 741 000	9 482 000
2008	Statsbudsjettet 2008 (551)		8 769 000	1 000 000	9 769 000	19 538 000
2009	Breibandloftet (fase 4)		3 281 188	1 000 000	5 400 000	9 681 188
2010	Breibandloftet (fase 5)					0 Dette prosjektet består av n
2010	Breibandloftet (fase 6)		7 100 000	1 000 000	7 100 000	15 200 000
2011	Framtidig fase 7 med 50% kommunal finansiering		8 400 000	1 000 000	8 400 000	17 800 000 Del statlige midlane er løv
						0
		36 535 000	72 029 188	14 013 000	55 059 000	177 636 188

**Figur:** Eksempel på finansiering av breiband gjennom store spleislag i Sogn og Fjordane sidan 2003. Alt har vore organisert via IT-forum Breiband

## IT-forum Leverandørnettverk

### Medlemmar

Gasta design & kommunikasjon

ProResult

Eva Bratvold Digital kompetanse

VideoNor

Enivest

Mediebruket

Sviggum Design & Kommunikasjon

Claus Guttesen

Rocketfarm (tidl. Yast)

Avoco ([Beat.no](#))

Highsoft Solutions

Vidsyn rådgivning.

I tillegg har Serit Fjordane IT vore representert gjennom styremedlem i IT-forum, Arne

Myrekrok, og NHO Sogn og Fjordane gjennom styremedlem Marit Gjerstad.

### **Arbeidsutval**

Arild Nybø Mediebruket AS, leiar  
Jørn Mikalsen, VideoNor As  
Njål Wilberg, Avoco AS  
Halvor Gregusson, Yast As

Mange av bedriftene i nettverket er høgt spesialiserte, og sjølv om dei fleste er forholdsvis små har dei gjerne bygd seg opp eit kjent namn i relevante fagmiljø nasjonalt og internasjonalt. Men innad i Sogn og Fjordane er dei gjerne mindre kjende, også blant bedrifter i same eller tilstøytande bransjar.

Målet med nettverket er ma. å gjere bedriftene meir kjende for kvarandre med tanke på samarbeid og kompetansedeling, men også å gjere dei meir kjende overfor kundegruppene. I tillegg ønskjer nettverket å vere eit samla talerøy for bransjen i samband med offentlege innkjøp, og å kunne ha t.d. felles marknadsføringstiltak utanfor fylket (Karrieremesser, IT-messer osv.). Men dette krev meir ressursar enn gruppa har til rådvelde i dag,

Gruppa har også fungert som formidlar av invitasjonar, t.d. frå Innovasjon Norge. Hittil har 4 av våre medlemsbedrifter delteke i Innovasjon Norge sitt TINC-program over fleire veker i San Francisco og Silicon Valley: Highsoft Solutions, Rocketfarm, Beat og Mediebruket.

Arild Nybø i Mediebruket held fram som koordinator i nettverket. I samarbeid med styret i IT-forum ønskjer han å arbeide for å få eit felles møtepunkt for nettverket, ideelt sett ei koordinerande sekretærstilling i t.d. 50 % i ein prosjektperiode på 1/2 - 1 år.


## **IT-forum Velferdsteknologi (tidlegare eHelse)**

### **Medlemmar**

Marta Strandos, USHT, Førde kommune, leiar  
Kari Støfringsdal, Flora kommune  
Kari Krog, Eid kommune,  
Anita Lothe, Gloppen kommune  
Liv Husabø, NAV Hjelpe midelsentral  
Ove Bjørlo, Eid vgs  
Jacob Andersen, Fylkesmannen i S&Fj  
Joanna Galek, Høgskulen i S&Fj  
Hilde G. Corneliusen, Vestlandsforskning

### **Aktivitetar**

Gjennom ein dialog med KS, Helse Førde og Helse Vest har It-forum utvikla og driv prosjekta ”Meldingsløftet for kommunane i Sogn og Fjordane” del 1 & 2 som har som målsetting å etablere elektronisk meldingsutveksling mellom helseføretak og kommunane både på legesida og innan pleie- og omsorg i alle kommunane i fylket. Våren 2014 hadde alle kommunane i fylket innført meldingsutveksling mellom lege og Pleie og omsorg (PLO) i kommunen, og mellom PLO og Helse Førde. Sogn og Fjordane var eit av ei fyrste fylka i landet der alle kommunane var i mål med å innføre første sett av elektroniske helsemeldingar.



Figur: Dei raude pilene viser meldingsstraumen i fellesprosjekta i regi av IT-forum

Prosjektet har vore organisert etter mal av dei fylkesomfattande breibandprosjekta med alle kommunane, alle regionråda, Helse Førde, Helse Vest og it-forum / breibandforum som prosjektpartnalar. I 2014 har dette arbeidet vore førd vidare for temaet velferdsteknologi.

Alle kommunane har stort behov for informasjon, kunnskap og å utvikle strategiar for innføring av velferdsteknologi. IT-forum søkte saman med Flora kommune og Eid kommune om Fornyingsmidlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Fase 1 av ei ny satsing ”Velferdsteknologi for kommunane i Sogn og Fjordane.” Prosjektet fekk midlar og vart gjennomfør fram til utgangen av 2014.

Satsinga har gitt stor mobilisering og arbeidsgruppa i It-forum er no sett saman av organisasjonar som er særlege aktive på området. Alle kommunane i fylket er med på satsinga og på vidareføring i 2015. På oppsummeringskonferanse på Skei i desember møtte over 100 deltagarar og alle kommunane i fylket var representert.

Arbeidet er no særleg konsentrert om følgjande hovudpunkt:

- Informasjonsformidling og utvikling av tematiske nettverk
- Kunnskapsutvikling gjennom pilotforsøk
- Kopling av lokalt næringsliv til store offentlege utbyggingsprosjekt
- Posisjonering av S&Fj både på nasjonal og internasjonal arena

- I november vart arbeidet også kopla til ein EU-søknad innanfor Interreg-programmet, som i februar 2015 vart godkjend. S&Fj skal no samarbeide med Irland, Uk, Island, Sverige og Finland om innovasjon i offentleg sektor med case ma. frå eHelse og velferdsteknologi.

## IT-forum oppvekst og utdanning

### Medlemmar

Frode Vik, Nordfjordrådet (leiar)  
Sture Førre, Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Geir Svendsen, Sogn regionråd  
Randi Scheflo, SYS IKT  
Grete Netteland, Høgskulen i Sogn og Fjordane  
Kåre Sundal, Sogn og Fjordane fylkeskommune (Fk)  
Thorvald Røneid Moen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Øyvind Heimset Larsen, Vestlandsforskning (sekretariat)

### Aktivitetar

Gruppa har frå 2006 arbeidd med løysing for digitalt samarbeid og samspel på tvers av alle skulesteg.

Gruppa lukkast mellom 2007 og 2010 med å få fram og få gjennomført fylkessatsinga Digitalt skulesamarbeid, med støtte av Fornyingsmidlar hjå Fylkesmannen og fylkeskommunen. Frå 2011 vart oppgåva å fylle nye it-tjenester med innhald og satsing på årleg erfaringsseminær for it i oppvekstsektoren i fylke.

I 2011 var hovudaktiviteten å revitalisere nettverket, sikre forankring og arbeide fram nytt mandat. Innsatsen gav god forankring i regionsamarbeida, HiSF i andre fora og sikra støtte til vidare satsing, særleg til samarbeidet på tvers av skuleslag. Dette er unikt nasjonalt.

Revidert mandat og handlingsplan for gruppa er:

*«Pådrivar for digital danning og kunnskapsbygging, utvikling og dialog innan oppvekst- og utdanning i fylket.» Hovudsatsingar å:*

- *Fremje forankring av ikt-strategi i skule- og politisk leiing.*
- *Gevinstrealisering. Korleis realisere vinstar ved innføring av nytt datasystem i region?*
- *Fremje informasjon og gode døme på tiltak: Datatilsynet krev personsikkerheit og kjem på tilsyn.*
- *Arrangere samlingar for kunnskapsbygging og dialog.*
- *Arrangere ei stor samling tidleg i desember kvart år, hovudsakleg basert på nasjonale ressursar, dugnad med lokale døme. Bidrag på andre sine samlingar og mindre separate tema-samlingar er aktuelt.*
- *Studietur i tråd med prioriterte satsingsområde*

Erfatingsseminar for ressurspersonar og leiarar i skuleverket vart arrangert i første veka i desember med ca 120 deltakrar i 2011, 2012 og 2014. Tilbakemeldingane er særskilt gode.

I 2014 vart eit tettare samarbeid med KS, skule og barnehageutvalet innleia. Dei er eit aktivt leiarforum med eigne samlingar og konferansar for leiarnivået i skulen.

## IT-forum teknisk drift og utvikling

### Deltakarar

Nettverket organiserer eit 20-tal deltagarar frå offentlege verksemder og næringsliv i Sogn og Fjordane med Petter Stenstadvold, Sogn og Fjordane Fylkeskommune som leiar

### Aktivitet

Nettverket skal arbeide for å utvikle samarbeid mellom dei deltagande organisasjonane innanfor ulike tema knytt teknisk IT-drift. Også under årets IT-forumkonferanse var driftsgruppa med som aktiv bidragsytar. Gruppa har hatt denne oppgåva sidan oppstargen i 1995. Gruppa er også den einaste som har eksistert i alle 20 åra.

Leiaren Petter Stenstadvoll har også støtt programkomiteen med innspel. Gruppa var også, som vanleg, med i oppsett av nettverk til utstillerar, førebuingar av streaming, og teknisk støtte i salen. Streaminga vart gjennomført med innleigd hjelp frå elevar ved Sogndal VGS.

Gruppe arrangerer eigne samlingar med spesialistar frå programmering, utvikling og teknisk miljø, og dei formidlar informasjon om kurs og arrangement hjå kvarandre.

## 7. Grupper som kom og gjekk...

IT-forum har teke initiativ til ei rekkje grupper og nettverk gjennom 20 år. Grupper og nettverk blir oppretta og avvikla etter behov og aktivitet.

### **EU-prosjekt og telematikk-infrastruktur (1995-1997)**

Arbeidsgruppa fungerte som styringsgruppe for prosjekta ENCATA og RegioNet der Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Vestlandsforskning var norske partnerar. Gruppa representerte dei tre formelle partnerane, men skulle også sørge for engasjement hjå næringslivet og etablere lokale referanse- og arbeidsgrupper. Gruppa hadde også ansvar for å vurdere oppfølgingsprosjekt både innanfor EU sine FoU-program og i regional og nasjonal samanheng. Ved oppstart av TITAN vart gruppa omorganisert til koordineringsgruppe for dette prosjektet, og fekk hovedansvar for internasjonalt samarbeid.

### **Formidling av samfunnsinformasjon (1995-1998)**

Gruppa skulle definere og ta initiativ til å etablere målgrupper, informasjonsgrunnlag og koplingane mellom desse for ei regional elektronisk informasjonsteneste frå offentleg sektor til innbyggjarar, næringsliv og media i Sogn og Fjordane. Gruppa hadde ansvaret for å etablere den første regionale tverrsektorielle internet-basert informasjonstenesta for Sogn og Fjordane, truleg også den først i Norge. Tenesta som fekk namnet Fjordinfo, vart lansert 24. januar 1996. Fjordinfo var utskild som eige aksjeselskap i slutten av 1996, og skulle særleg arbeide med tenester for offentleg sektor. Første versjonen av Fjordinfo omfatta 16 regionale informasjonsleverandørar frå offentleg sektor, næringsliv, media og organisasjonar. Då TITAN-prosjektet starta i 1998 tok det over mykje av merksemda og utviklingsoppgåvene for denne gruppa, og gruppa vart lagt ned.

### **IT-basert næringsutvikling og samspele næringsliv offentleg sektor (1995-1997)**

Arbeidsgruppa skulle særleg arbeide med å samordne eksisterande og planlagde næringsretta IT-satsingar i Sogn og Fjordane, og skulle utarbeide framlegg til bruk av telematikklosysingar for næringslivet og for samhandling mellom enkeltverksemder og offentleg sektor. ENCATA- og deretter TITAN-prosjektet tok opp i seg dei fleste av desse oppgåvene, og gruppa vart slegen saman med koordineringsgruppa for desse prosjekta.

### **Kommunikasjon og kompetanse (1995-1996)**

Arbeidsgruppa skulle vurdere prinsipielle og konkrete løysingar for samarbeid om elektroniske kommunikasjonsløysingar i Sogn og Fjordane. I 1995/96 viste det seg å ikkje vere så store effektar å hente med felles kommunikasjonsløysingar, og arbeidet vart lagt på is. Gruppa avslutta med eit arbeid for å kartlegge "kursinfrastruktur" i S&Fj med særleg vekt på undervisningsrom og etablerte / planlagde videokonferanseløysingar. Intensjonane med gruppa ser no ut til å blir meir aktuelle att. I 1999 samarbeider fylkesmannen,

fylkeskommunen og Vestlandsforsking/ Høgskulen om felles høghastigheitslinjer innanfor HØYKOM-satsinga til Næringsdepartementet. Det som vart vurdert, men lagt på is i 1996, er no realisert i 1999.

### **Sikkerhetsproblematikk (1995-1996)**

Arbeidsgruppa fungerte som ei referansegruppe for sikkerheitsspørsmål for dei andre arbeidsgruppene i IT-forum. Kvar arbeidsgruppe hadde ansvar for å legge fram aktuelle spørsmål som den hadde behov for å få vurdert. I praksis viste det seg at desse spørsmåla vart meir naturleg handtert i nasjonale fora enn i ei regional gruppe. Gruppa var slegen saman med driftsnettverket, der sikkerheitsspørsmål er ein del av dei aktuelle diskusjonane.

### **Internasjonal samhandling - Encata, RegioNet og TITAN (1998-2004)**

Arbeidsgruppa fungerte som regional koordineringsgruppe for TITAN-prosjektet der Fylkesmannen, Fylkeskommunen, NHO, Høgskulen og Vestlandsforsking var norske partnarar. Gruppa representerte dei fem formelle partnerane i Sogn og Fjordane, men har også teke opp i seg observatørar frå to andre fylke, frå sponsor-parnteren og frå ein representant frå dei nasjonale finansiørane. I tillegg til den løpende oppfølginga av TITAN prosjektet hadde gruppa også eit ansvar for å vurdere oppfølgingsprosjekt både innanfor EU sine FoU-program og regionale og nasjonale program.

I Regionet-prosjektet ("Integrated Multimedia Services via a regional Telematics Information System - a cross-sectoral applicaton pilot project") var Norge observatør-partner. Prosjektet gjekk frå januar 1996 til juni 1999, og såg spesielt på formidling av samfunnsinformasjon til næringsliv og innbyggjarar. RegioNet var eit viktig supplement og kunnskapsgrunnlag for arbeidet i Fjordinfo og seinare i TITAN.

TITAN prosjektet (Tactical Integration of Telematics Applications Across Intelligent Networks), som starta i januar 1998 og vart avslutta i juni 2000, og vart leia frå Sogn og Fjordane. Fylkesmannen, Fylkeskommunen, NHO, Høgskulen i S&Fj og Vestlandsforsking gjekkt saman med tilsvarande organisasjonar i Highlands and Island i Skottland, vestlege Irland og Toscana i Italia. TITAN vart saman med ti andre prosjekt vald ut til å vere med i EU-kommisjonen si store satsinga på "IKT demonstrasjonsregionar" ("Integrated Applications Digital Sites"). Dei utvalde regionane og byane kunne vise til gode resultat og var aktive i fleire EU satsingar.



Demonstrasjonsfasen i TITAN vart offisielt opna av Arbeids- og administrasjonsminister Laila Dåvøy 29. september under IT-forum'99. Resultat vart mellom anna den nasjonale portalen norge.no som vart utvikla og drifta frå Leikanger. Denne vart seinare grunnlaget for vidareutvikling til DIFI på Leikanger. Bedrifta Avinet AS vart også etablert utfrå dette prosjektet. Bedrifta leverer framleis karttenester for nett og har no 10 tilsette.

# TITAN Digital Sites

-  Norway (Sogn og Fjordane)
-  Scotland (Highlands & Islands)
-  Italy (Tuscany)
-  Ireland (South and Mid-West Ireland)

27 partners and 5 sponsoring partners  
- Industry SME  
- Public Service Providers  
- National Telecom Companies  
- Universities

-  EURADA (associated partner)  
~ European Association of Development Agencies



Nettverk på ca  
120 offentlege  
og private  
partnerar i ICT-  
prosjekt kring i  
Europa.

### **Regional innkjøpspolitikk - nettverk for regional marknadsmakt (1996-2004)**

Nettverket arbeidde med modellutvikling, erfaringsutveksling, informasjon og motivering omkring regional innkjøpspolitikk med IT- og telekommunikasjonstjenester som tema.

Arbeidet var innretta både mot innkjøpssida i involverte organisasjoner og mot lokale leverandørbedrifter. Arbeidet vart leia av Hydro, Årdal og deltararar var NHO S&Fj, S&fj fylkeskommune, Nordfjordrådet, Flora kommune og Fylkesmannen

### **Nettverk for kultur (2001 – 2008)**

Nettverket vart leiar av Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane i ei rekke år. Nettverket skaffa informasjon om aktuelle nasjonale og regionale prosjekt innan kultur og it, det førebudde årlege temamøte om IKT og kultur, og arbeide for fellesløysingar og standardar i fylket slik at løysingane kunne verta rimelege, samordna og gi sikker drift. Nettverket var særleg knytt til Kulturnett Sogn og Fjordane og Kulturhistorisk Atlas og Leksikon. Nettverket gjekk inn i eForvaltningsnettverket.

### **Nettverk for GIS (2001-2008)**

Føremålet med GIS-nettverket var å utvikle samarbeid mellom dei små fagmilljøa i Sogn og Fjordane, utveksle erfaringar og skape eit stimulerande fagleg fellesskap for personar som arbeider med GIS. GIS-nettverket skulle vere ressurssparande ved utvikling av samarbeid og utveksling av kompetanse. Nettverket gjekk inn i eForvaltningsnettverket.

### **eForvaltning (2009-2013)**

eForvaltningsgruppa vart oppretta i 2009 for å samle satsing på elektronisk samhandling og effektivisering i offentleg sektor. Gruppa vart leia frå Fylkesmannen i S&Fj.

eForvaltningsnettverket knytte arbeidet til eit prosjekt frå DIFI – “Elektronisk samhandling og effektivisering i offentleg sektor”. Nettverket er eit forum for å dele erfaringar innan elektronisk forvaltning med målgruppe leiarar, IKT-medarbeidarar og arkivmedarbeidarar. Nettverket arbeider også med kompetanseheving innanfor elektronisk dokumentutveksling og e-signatur, elektroniske sjølvbetjeningsløysingar på nett og e-handel, samt prosjektstyring, gevinstrealisering og organisasjonseffektar som følgje av elektroniske løysingar. Etter nye gruppestruktur i 2013 vart velferdsteknologi prioritert som tema for offentleg sektor.

## 8. IT-forumkonferansen 1995-2014

IT-forum-konferansen har vore eit fast innslag alle 20 åra. I 1995 var den halden i samarbeid med Næringskonferansen i Sogn og Fjordane på Sunnfjord hotell i Førde. Deretter har konferansen vore halden som eige arrangement i regi at IT-forum. Arrangementet har vore arrangert følgjande stadar:

- 14 gonger på Hotell Alexandra i Loen
- 2 gonger på Kviknes hotell i Balestrand
- 2 gonger på Skei hotell
- 2 gong på Sunnfjord hotell, Førde

Konferanse har hatt om lag 150-200 deltagarar kvart år med toppår i 1999 då det var 280 deltagrarar på konferansen der kommunal og regionalminister Lila Dåvøy opna demonstrasjonene i EU-prosjektet TITAN.

Konferansen har hatt ei lang rekke av gode föredragshaldarar frå Sogn og Fjordane og frå nasjonalt og internasjonalt nivå.



Astrofysikar Knut Jørgen  
Røed Ødegaard

(Foto: Medielina Sogndal  
vidaregåande skule)



LEKKASJEGRÜNDER: Daniel Domscheit-Berg er den utanom Julian Assange som veit mest om nettstaden WikiLeaks. (Foto CC: Jonas Fischer, re:publica).



**John Craddock,**  
**tryggleiks-**  
**arkitekt**  
*"Sikkerheit for  
dummies - og  
smarties"*



**Richard Allan  
Horning,**  
**Silicon Valley,  
California:**  
*"Historie,  
entreprenør-  
skapskultur og  
verdsleialende  
innovasjon"*



**Eirik Newth,**  
**tekno-forfattar The Pirate Bay**  
*"Sogn og  
Fjordane - 40 år  
på 40 minutt"*



**Peter Sunde,**  
**'Ein gong pirat?  
Alltid pirat?'**  
*"Ein gong pirat?  
Alltid pirat?"*



Skiløparen Odd-Bjørn Hjellmeset frå Gloppen fortalte om motivasjonsarbeid.



## Driftig

Skape

Drive

► Les meir...

Du er her: Forsiden > Drive > Ungdomar imponerte IT-forum2010

### Ungdomar imponerte IT-forum2010

Arrangørane bak IT-konferansen syner dei har tillit til ungdom. Dei ga oppdraget med å sende konferansen ut på nett til ungdomsbedrifta Sogn Media. Og ungdommane leverte med stor ro.



ipg.mars.2014

Arrangørane bak IT-forum 2010 har fått til eit spenstig program, der deltakarane er opptekne av å dele kunnskap, nettverk og idear.

